



Lærdal
kommune

Årsplan for Lærdalsøyri barnehage 2023-2024



Tryggleik og individuell utvikling for alle

laerdal.kommune.no



Anne Margrete Hatlelid
Einingsleiar

Telefon **40 82 55 75**
anne.margrete.hatlelid@
laerdal.kommune.no



Elin Bjørkum
Assisterande styrar

elin.bjorkum@
laerdal.kommune.no



Innhald



8

Visjon og verdigrunnlag

Tryggleik og individuell
utvikling for alle



Grøne Lærdal
Barnehagen si satsing på
miljømedvitne Lærdøler

9

Fokus på dei grunnleggande
bærekraftsmåla

10

18

Utsjglede
for Eldre



Om barnehagen	3
Samarbeid	4
Avdelingane og personale	5
Klubben	12
System for styrka læring	17
Årshjul/kalender	20

Tett på 11



Om Lærdalsøyri barnehage

Lærdalsøyri barnehage er plassert i landlege omgjevnader sentralt på Lærdalsøyri i Lærdal kommune.

Barnehagen har vore i drift sidan tidleg på 70-talet, men består i dag av to bygg frå 1989 og 2011.

Barnehagen har i dag 7 avdelingar, og barnehageåret 2023-2024 vil aldersfordelinga vere slik:

Gamle barnehagen, tre avdelingar for barn 1-2 år.

Nye barnehagen, tre avdelingar for barn 2-4 år, og ei eiga avdeling for førskulegruppa «Klubben» 5-6 år.

Gjennom prosjektet «Tett på» satsar kommunen på å styrke borns oppvekstvilkår i Lærdal.

I «Tett på» har me særskilt fokus på overgangen mellom barnehage og skule, og ein pedagog er tilsett for å vere med Klubben vårhalvåret, og følger dei over på skulen hausthalvåret.

Barnehagen har eit allsidig personale, og barnehageåret 23-24 tel me til saman 30 tilsette.

Bemanningsnorma stiller krav til at barnehagen har ei bemanning som svarar til minimum ein vaksen per tre barn under tre år, og minimum ein vaksen per seks barn over tre år. Den skjerpa pedagognorma stiller krav om minimum ein pedagog per sju barn under tre år, og minst ein pedagog per 14 barn over tre år.

Me har som mål å få på plass ein 50% kjøkenressurs i løpet av barnehageåret, som skal veksle mellom å lage mat for heile barnehagen, og å ha ansvaret for pedagogisk aktivitet knytt til matlaging saman med borna.

Me har eit stort uteareal i barnehagen, der barna kan leike og utfalde seg fysisk. Barnehagen har og ein flott naturleikeplass like i nærleiken av barnehagen.

Her har me gapahuk, bål plass og moglegheiter for kreativ leik i skog. I tillegg nyttar me nærområde til turar, og kvar avdeling har ein fast turdag i veka, men er gjerne på farten oftare.

Barnehagen har eit samarbeid med Lærdal kulturskule, og ein gong i veka har me musikkbarnehage.

Samarbeid i Lærdalsøyri barnehage

«Barnehagen skal leggje til rette for foreldresamarbeidet og god dialog med foreldra. Foreldresamarbeidet skal skje både på individnivå, med foreldra til kvart enkelt barn, og på gruppenivå, gjennom foreldrerådet og samarbeidsutvalet» (Rammeplanen s.29).

Foreldreutvalet (FAU)

I Lærdalsøyri barnehage har me eit demokratisk val ved første foreldremøte på hausten. Då vert det veld ein foreldrerepresentant og ein vara frå kvar avdeling. Desse utgjer Foreldreutvalet (FAU) ved barnehagen. Foreldreutvalet har gjennom åra hatt ønske om at einingsleiar er sekretær for FAU. FAU har og moglegheit til å gjennomføre møte utan einingsleiar dersom dei opplev eit behov for dette.

Følgande representantar er vald inn i FAU for barnehageåret 2023-2024:



Gul avdeling

Johanne Ohnstad Bakk
Vara: Tina Bowitz Arefjord



Løvetann

Anna Gjesdal Mo
Vara: Silje Andrea Feet



Grøn avdeling

Trine Kvam Bjørkum
Vara: Anders Flæte



Blåklokka

Bernt Haakon Slogvik Voll
Vara: Inghild Lysne Sanden



Raud avdeling

Nina Voll Eltun
Vara: Ingrid Zwart



Raudkløver

Dordi Øvstetun
Vara: Knut Egil Solibakke Mo



Blå avdeling - Klubben

Jan Olav Åsarmoen Møller
Vara: Åslaug Golf Kaardal

Samarbeidsutvalet (SU)

Ved første møte i FAU på hausten vel utvalet roller, der i blant leiar og nestleiar. Desse verva utgjer dei føresette sine representantar i Samarbeidsutvalet, også kalla SU.

Ved første personalmøte på hausten vel dei tilsette i barnehagen to medarbeidarar som representerer personale i SU.

Barnehagen sine vedtekter gir og føringar for at den politiske leiinga i kommunen skal vere representert. Denne representanten er det kommunestyret som vel.

Einingsleiar i barnehagen er fast medlem i SU.

Følgande representantar er vald inn i SU for barnehageåret 2023-2024:



Foreldrerepresentant

Anna Gjesdal Mo
Nestleiar



Foreldrerepresentant

Jan Olav Åsarmoen Møller
Medlem



Tilsettere representant

Heidi Merete Hjermann
Medlem



Tilsettere representant

Nikolai Sommer Os
Leiar



Folkevald representant

Birgit Olaug Lervik
Medlem



Einingsleiar

Anne Margrete Hatlelid
Sekretær



Lærdal
kommune

Kontaktinfo avdelingane



Gul
avdeling

47487144

Barn 2-4 år



Grøn
avdeling

47487112

Barn 2-4 år



Blå
avdeling

47683171

Barn 5-6 år



Raud
avdeling

47487103

Barn 2-4 år



Løvetann

99088138

Barn 1-2 år



Blåklokka

47487053

Barn 1-2 år



Raudkløver

47487042

Barn 1-2 år



Lærdal
kommune

**Nikolai Sommer Os**

Pedagogisk leiar 100%

**Monica Haugen**

Pedagogisk leiar 90%

**Ingvill Blaaflat**

Pedagogisk leiar 100%

**Anne-Lise Strand**

Pedagogisk leiar 100%

**Lene Lysne**

Barne- og ungd.arbeidar 100%

**Elin Bjørkum**Assisterande styrar 50%
Pedagogisk leiar 50%**Rikke Helena Våge**

Sosionom 100% vikariat

**Anne Molde**

Barnehagelærer 70%

**Peiman Sayid Ali**


Assistent 100% vikariat

**Gøran Klingenberg**

Barne- og ungd.arbeidar 100%

**Heidi Merete
Hjermann**

Barne- og ungd.arbeidar 60%

**Marinne Brøyn
Jordalen**

Barne- og ungd.arbeidar 100%

**Pernille E. Bale**Lærling barne- og
ungd.arbeidar, 100%**Dordi Øvstetun**

Sjuepleiar 100% vikariat

**Liv Johanne Gram
Steinbakken**

Assistent 100%

**Anne Grøtnebø**

Barne- og ungd.arbeidar 40%

**Kjøkenressurs**

Frå januar 2024, 50%

**Inger Karin
Skjeldestad**

Assistent 100%

**Malin Berge Solheim**Barnehagelærer 100%
Prosjekt overgang bhg. -skule**Per Severin Hjermann**

Assistent 100% vikariat





Tone Fredheim
Pedagogisk leiar 100%



**May-Hilde Sjøthun
Skinlo**
Pedagogisk leiar 100%



Anette Sundal
Pedagogisk leiar 80%



**Veronica Lene
Moss**
Barne- og ungd.arbeidar 100%



Undis Forberg
Barne- og ungd.arbeidar 100%



Cathrine Houge Seim
Pedagogisk leiar 20%
Barnehagelærer 80%



**Randi Beate
Lervik Einemo**
Assistent 80%



Liv Turid Melheim
Assistent 100% vikariat



**Sonja Kristine
Strupstad**
Barne- og ungd.arbeidar 80%



**Gifty Ratthkorn
Snitphan Wendelbo**
Lærling barne- og
ungd.arbeidar 80%





Tryggleik og individuell utvikling for alle

Barnehagen sin visjon og verdigrunnlag

«Verdigrunnlaget til barnehagen skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle delar av det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Barndommen har ein eigenverdi, og barnehagen skal ha ei heilskapleg tilnærming til barna si utvikling» (Rammeplanen s.7).

Lærdalsøyri barnehage skal legge til rette for eit godt samarbeid med foreldre, og ha eit særskilt fokus på barndomen si eigenverdi i det pedagogiske arbeidet.

Barndomen er ei tid der barn dannar grunnmuren i livet. Me skal vere ei støtte for barna i denne prosessen. Trygge rammer og anerkjennande vaksne skal vere eit bærande element i alt me gjer.

Tryggleik og individuell utvikling heng saman. For å kunne lære og utvikle oss, lyt me kjenne oss trygge.

Tryggleik

Barn og foreldre skal oppleve å verte møtt med respekt, anerkjening og omsorg. Barn og foreldre skal oppleve at dei har reell medverknad.

Personalet skal oppleve føreseielege rammer og kunne vere med å påverke arbeidskvardagen sin.

Individuell utvikling

Barn og foreldre skal oppleve at det er progresjon i læringa og utviklinga til kvart enkelt barn. Det dei meistrar med litt hjelp i dag klarar dei gjerne åleine i morgon.

Personalet skal oppleve at dei får nytte kompetansen sin og får tilført ny kompetanse der det trengs. Dei skal kunne vere med å utvikle barnehagen.

«Lærdalsøyri
barnehage skal
skape framtidens
miljømedvitne
Lærdøler»



Grøne Lærdal

Ei satsing på miljømedvitne Lærdøler

Grøne Lærdal er visjonen for bygda vår, som strekk seg frå Filefjell og Hemsedalsfjellet og heilt ned til Sognefjorden. Visjonen er knytt til eit klart ønskje om å verta ein av dei beste kommunane på *det grønne skiftet*.

Dette tyder at me i barnehagen skal bidra til at Lærdal når sine mål i *Plan for klima, energi og miljø*. Blant anna skal me også i år arbeide for å bli *Miljøfyrtårsertifisert*.



Grøne Lærdal

Gjennom arbeid med FN sine bærekraftsmål ønskjer barnehagen å saman med barna skape forståing for at det me gjer i dag, har konsekvensar for framtida. Me vil undre oss saman med barna for å danne grunnlag for kritisk tenking, handle etisk og syne solidaritet.

Rammeplan for barnehagens
innhald og oppgåver:

«Barna skal lære å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen. Berekraftig utvikling omfattar natur, økonomi og sosiale forhold og er ein føresetnad for å ta vare på livet på jorda slik vi kjenner det» (Rammeplanen s.10).




Lærdal
kommune

Fokus på dei grunnleggjande bærekraftsmåla

«Grøne Lærdal» er Lærdal kommune sin visjon. Lærdalsøyri barnehage ønskjer å ta del i arbeidet med den grønne profilen, og synleggjere kvifor det er viktig å ta vare på naturen og miljøet me omgir oss med.

I fleire år har me fokusert på FN sine bærekraftsmål i vårt pedagogiske arbeid, noko me vil fortsette med i barnehageåret 2023-2024.

Me ønskjer å ha fokus på dei fire grunnleggjande bærekraftsmåla i aktivitetane våre, då dei er sjølve grunnmuren i eit bærekraftig samfunn:





Tett på barn og unge i Lærdal

Ei satsing på tidleg innsats kring barn og unge

Lærdalsøyri barnehage skal samarbeide med helse, barnevern og oppvekst Lærdal om prosjektet «Tett på».

I «Tett på» vil Lærdal kommune sette i verk konkrete tiltak for å gi gravide, foreldre, born og ungdom ei lågterskel støtte på eit tidleg tidspunkt når ein har behov.

Konkret for barnehagen handlar det om å auke bemanninga og at me viderefører prosjektstillinga i overgangen mellom barnehage og skule.

Me vil gjennom barnehageåret 2023-2024 arbeide med å implementere BTI-modellen som står for «*Betre Tverrfagleg Innsats*». BTI-modellen er eit verktøy som skal gjere det enklare for tilsette og foreldre å yte og få rett hjelp til rett tid.

Me vil arbeide vidare med å gi borna eit næringsrikt og variert mat-tilbod i barnehagen, hovudsakleg basert på gode råvarer. Me ønskjer å ha fokus på gode mat-val, og få meir kunnskap kring dette. Mykje av det som vert seld i butikkane i dag er ultraprosesserte produkt som er tilsett mykje ein ikkje treng, og har mindre av dei viktige næringsstoffa me har større behov for. Å gå glipp av mykje god næring kan ha negative konsekvensar for ein kropp i vekst.

Me ønskjer gjennom aktivitetar saman med barna å bli tryggare på at dei mat-vala me tek er dei riktige.

«Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt til skulefritidsordninga» (Rammeplanen s.33).

Gjennom barnehageåret 2020-2021 prøvde vi for første gong å gjennomføre ei heil Klubbveke kvar månad. Dette var eit resultat av pandemien med strenge kohort- og smittevernsreglar.

Dette synt seg å vere eit vellykka tiltak der barna blei kjend med kvarandre på ein heilt anna måte enn tidlegare. Barnehagen fekk eit meir heilskapleg bilete av dynamikken i gruppa, både kva dei treng å jobbe med, samt styrkene. Dette meiner me vil førebu både barna og skulen på ein heilt anna måte. Barnehageåret 2023-2024 samlar me for andre gongen Klubben på ein eigen avdeling igjennom heile barnehageåret.

I Klubben skal me ha eit spesielt fokus på sosial kompetanse og vennskap. Me skal undre oss saman med barna på ein slik måte at dei får høve til å gle seg til å byrje på skulen, og oppleve at det er ein samanheng mellom barnehage og skule.

I Klubben er me mykje ute, og nyttar heile Lærdalsøyri som arena for læring og undring. Politiet kjem på besøk for å snakke med barna om grenser og kven som bestemmer oss.

Lærdalsøyri barnehage skal leggje til rette for at borna får med seg erfaringar, kunnskap og ferdigheiter som kan gi dei eit godt grunnlag og god motivasjon for å begynne på skulen. Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutte barnehagetida på ein god måte og møte skulen med nysgjerrigheit og tru på egne evner.

«Ein god samanheng mellom barnehage og skule skal ivareta barna sine behov for tryggleik og gode opplevingar som fremjar lærelyst og forventningar»



Også i 2023-2024 vil barna på Klubben få høve til å delta på vatn-tilvenning i basseng. Kvar måndag er ei lita gruppe på 5-6 barn frå Klubben i bassenget ved Lærdalsøyri skule. Symjelærar, samt to tilsette frå Klubben er med i bassenget.

Klubben 2023-2024

Ein trygg overgang frå barnehage til skule



Lærdal kommune har som mål å bli ein Trafikksikker kommune. For barnehagen inneber det at me alltid har fokus på trafikktryggleik når me beveger oss utanfor barnehagen:

Me vil i løpet av barnehageåret ha trafikkopplæring som ein del av omsorgs- og opplæringsarbeidet i barnehagen.

Me vil stille krav til busselskap og drosjar om belte og trafikksikker åtfærd ved kjøp av transporttenester.

Alle tilsette skal kjenne til rutinar for handtering av uføresette faresituasjonar og hendingar på turar.

Barnehagen har utarbeida rutinar for å ta i vare sikkerheita på turar til fots, med el-sykkel, bil eller kollektivtransport.

Barnehagen har og rutinar for å ivareta barna si tryggleik ved barnehagen sin parkeringsplass og port.

Temaet trafikktryggleik og trafikkopplæring vil vere tema på foreldremøta i september. Då vil me og ha fokus på korleis barna på ein god måte kan sikrast i bil.

«Gjennom arbeid med nærmiljø og samfunn skal barnehagen bidra til at barna utforskar ulike landskap, blir kjende med institusjonar og stader i nærmiljøet og lærer å orientere seg og ferdast trygt» (Rammeplanen 2017, s.56).



På turar og i samlingar vil me samtale om trafikktryggleik, og på våren 2024 vil me ha ei eiga trafikkveke med særskilt fokus på temaet.

Trafikksikker barnehage



Våren 2024 har me ei temaveke med ekstra fokus på trafikk. Trafikktryggleik vil og bli arbeida med elles gjennom året.

Barna vil bli kjende med trafikkreglar for fotgjengarar, og korleis ein nyttar sansane i trafikken. Dei vil og lære om bruk av bilbelte, sykkelhjelm og refleks.

Ein barnehage for alle!

I Lærdalsøyri barnehage ønskjer me å bidra til auka kunnskap om kjønns mangfald, identitet og uttrykk som finst i samfunnet. Me ønskjer å bidra til at barna får eit naturleg forhold til at alle menneske er ulike, og at alle har krav på respekt, uavhengig av seksuell legning, utsjånad eller funksjonsevne.

Kvar dag i juni månad flaggar med for eit fargerikt fellesskap, med rom for alle. Me samtalar med barna om at mangfald og ulikskap er fint, og at alle skal få lov å vere den dei vil vere, og vere glad i den dei vil vere glad i.

«Barnehagen skal fremje respekt for menneskeverdet ved å synleggjere, verdsetje og fremje mangfald og gjensidig respekt. Barna skal få oppleve at det finst mange måtar å tenkje, handle og leve på. Samtidig skal barnehagen gi felles erfaringar og synleggjere verdien av fellesskap. Barnehagen skal vise korleis alle kan lære av kvarandre, og fremje nysgjerrigheit og undring over likskapar og forskjellar. Barnehagen skal bidra til at alle barn føler at dei blir sett og anerkjende for den dei er, og synleggjere den enkelte sin plass og verdi i fellesskapet. (...) Barnehagen skal synleggjere eit mangfald i familieformer og sørgje for at alle barn får spegla familien sin i barnehagen» (Rammeplanen s. 9-10).

Politiet vitjar barnehagen



Politiet har vore i kontakt med Statsforvaltaren angående temaet kropp og seksuelle overgrep. Dei var veldig positiv til at politiet ønska å snakke om dette. Det er eit viktig tema som bør takast opp så tidleg som mogleg.

Kvart år vitjar det lokale politiet barnehagen. Alle får helse på dei, noko som er veldig stas for barna. Me tek oss og ein tur på politistasjonen, det er spanande å få helse på maskoten deira!

Politiet i Sogn har laga eit undervisningsopplegg som skal brukas i alle barnehagane i Aurland, Lærdal, Årdal, Sogndal, Luster, Leikanger og Vik. Opplegget er for 5 og 6-åringene, altså dei som skal byrje på skulen.

Målet er å få det førebyggjande arbeidet inn i et årshjul. Politiet ønskjer at alle skal være kjend med at dei vil kome på besøk til barnehagane, og at dette skal skje på eit omtrentleg fast tidspunkt kvart år.

Tema dei ønskjer å snakke med barna om er vennskap, hemmelegheiter og kropp.

Ved temaet vennskap samtalar dei om det å vere venner og uvenner, kven som bestemmer i eit vennskap, om det er lov å seie nei til ein venn og om det å vere åleine.

Ved temaet hemmelegheiter samtalar dei om det å ha gode eller vonde hemmelegheiter, og det å fortelje andre om ein hemmelegheit.


Ved temaet kropp samtalar dei om jente- og gutekroppar, kven som bestemmer over kroppen og grenser.

Politiet meiner at det ikkje er for tidleg å snakke med 5-åringar om kropp og seksuelle overgrep.

Ungdommar/vaksne som har blitt utsett for seksuelle overgrep då dei var små seier «kvifor var det ingen som fortalte meg at dette ikkje var lov». Dei trudde det skulle vere slik fordi dette var kvardagen. I tillegg blei dei trua til å tie, trua med at noko ville skje, og derfor blei ingenting sagt.



Lærdal
kommune



Temaveker

Brannvernveka og førstehjelpsveka

Barnehagen samarbeider med lokale instansar innan både brannvern, politi og helsehjelp.

På hausten deltek barnehagen på den nasjonale brannvern-veka, der borna får kjennskap til førebyggjande aktsamheit, samt kva me må gjere dersom det brenn.

Også ambulansen med dyktige ambulansarbeidarar kjem på besøk til oss i løpet av året, og lar borna få stifte kjennskap til kva som skjer når ein ambulanse kjem, og kva utstyr dei har i bilen.

Me takkar for at både lokalt politi, Lærdal brannvern og tilsette i Helse Førde bidreg til denne viktige læringa for Lærdal sine born.



Barnehage- og skuleutvikling


System for styrka læring i Sogn

Barnehagane i Lærdal kommune tek del i Sogn regionråd sitt felles program for barnehage- og skuleutvikling.

Hovudmålet for det regionale programmet er auka læringsutbytte for alle, gjennom styrka tilpassa opplæring og redusert bruk av spesialundervisning.

Ny programplan er vedteken i kommunestyret i Lærdal, samt i utval for levekår og Lærdal ungdomsråd. Planen gjeld for perioden 2022-2030.

Lærdalsøyri barnehage deltek i fagnettverk der innhaldet er knytt til- og forankra i Programplan for system for styrka læring i Sogn 2022-2030.



Utviklingsarbeidet inneber breitt samarbeid mellom kommunane og med eksterne aktørar mellom anna med undervisnings- og forskingsmiljø.

I programplanen for 2022-2030 har me fokus på fire programområde der alle har eige fagnettverk:

- 1. Fysisk og psykisk helse**
- 2. Tidleg innsats og språkutvikling**
- 3. Kreativitet, skaparglede og entreprenørskap**
- 4. Medverknad**

Styrar- og assisterande styrar deltek på styrarnettverk som og er knytt til Sogn regionråd.

I tillegg deltek me på fagdag for psykisk helse og autisme.

Planleggingsdagen i november er felles for alle barnehagane i Sogn. Denne dagen er det felles fagutvikling for alle barnehagane i regionen.

Programplanen kan de lese her:

<https://www.sogn.regionraad.no/barnehage-og-skuleutvikling.6047801-460955.html>



Livsgledebarnehage og Generasjonssongprosjektet

Lærdalsøyri barnehage har i fleire år vore ein «Livsgledebarnehage» der me har hatt faste songsamlingar på Lærdal bu- og omsorgsheim.

Våren 2023 utvida me samarbeidet, og både barnehage- og sjukeheimspersonale vart kursa gjennom «generasjonssongprosjektet». Desse samlingane handlar ikkje berre om å komme på besøk og syngje for dei eldre, men om å syngje saman. Musikk og song kan hente fram minner, og skape nettopp livsglede for både borna og dei eldre.

«Barnehagen skal leggje til rette for kultur møte, gi rom for barna si eiga kulturskaping og bidra til at alle barn kan få oppleve glede og meistring i sosiale og kulturelle fellesskap»

(Rammeplanen, 2017, s.9).

Me ønskjer og at barna skal få bli kjent med korleis samfunnet tek vare på dei eldre, og korleis me kan vere til glede for kvarandre gjennom song, samtale og aktivitet.

Livsglede
for Eldre





Billeddryss

Livet i Lærdalsøyri barnehage



Årshjul med fagområde

og FN sine bærekraftsmål

Rammeplanens fagområde måned for måned

Overordna fagområde:

Kropp, rørsle, mat og helse

Me har fokus på det overordna fagområdet gjennom heile barnehageåret 2023-2024.

August og september:

Kommunikasjon språk og tekst

Oktober og november:

Kunst, kultur og kreativitet

Desember:

Etikk, religion og filosofi

Januar og februar:

Natur, miljø og teknologi

Mars:

Etikk, religion og filosofi

April og mai:

Nærmiljø og samfunn

Juni:

Mengd, rom og form





Kropp, rørsle, mat og helse

Kvar månad har me særleg fokus på eit utvald fagområde, henta frå rammeplanen.

Kropp, rørsle, mat og helse er eit fagområde me ønskjer å ha eit ekstra fokus på kvar einaste månad gjennom heile året.

Me ønskjer å bidra til at barna får utfolde seg motorisk både på tur, i leik, i gymsalen som me vitjar kvar torsdag, og elles i kvardagen.

I tråd med regionen si satsing på fagområdet «fysisk og psykisk helse», ser me korleis desse to tinga heng tett saman. Me vil gjennom barnehageåret bidra til ein aktiv kvardag, der kvart barn får moglegheit til å utfolde- og utvikle seg på ein trygg måte. Dei vaksne skal vere gode rollemodellar og ta barna sine initiativ på alvor. På den måten får barna medverke og forme eigen barnehagekvardag.



Lærdal
kommune



Kropp, rørsle, mat og helse

Gjennom året får barna anledning til å bli kjent med råvarer som blir dyrka både i Lærdal og andre stader. Dei får delta i matlaging, der me samtidig samtalar om næringsrikt kosthald, kva som er bra for kroppen vår at me et, og kvifor det er bra, samt kva me må ete mindra av og kvifor. Me flettar inn bærekraftsmåla som handlar om livet i havet og på land og reint vatn, og kor viktig dette er for å kunne dyrke og ete trygg mat. Me besøker vassverket i Lærdal og lærer om kor me får reint vatn i frå.

Me vil igjennom året ha fokus på kva mat me serverer i barnehagen. Me vil redusere bruken av ultraprosessert mat, og i større grad lage mat sjølve. For eksempel vil me bake brød, koke havregraut, og nytte grønnsaker og bær frå Lærdal. I tråd med å verte miljøfyrtårnsertifisert, vil me ha minst ein kjøtfri dag i veka. Me vil og bytte ut visse matvarer og påleggsortar med andre betre alternativ.

Kropp, rørsle, mat og helse heng tett saman. Ved å gi barna ein aktiv kvardag og næringsrike måltid, trur me at det vil skape mindre skilnader mellom barn som veks opp i Lærdal. Me trur at ei slik satsing vil bidra til auka livskvalitet for kvart enkelt barn.



**Lærdal
kommune**



Måndag



Tysdag

Onsdag


Torsdag

Fredag


V.31




V.32



V.33



V.34



V.35





Kommunikasjon, språk og tekst

«I barnehagen skal barna møte ulike språk, språkformer og dialekter gjennom rim, regler, songar, litteratur og tekstar frå notid og fortid. Barnehagen skal bidra til at barn leiker med språk, symbol og tekst, og stimulere til språkleg nysgjerrigheit, bevisstheit og utvikling. I barnehagen skal barna få erfare ulike måtar å formidle tekstar og forteljingar på, som kjelde til estetiske opplevingar, kunnskap, refleksjon og møte med språk og kultur. Personalet skal invitere til utforsking av både munnlege språk og skriftspråk» (Rammeplanen s.48).

August månad er ein spesiell månad i barnehagen. Fleire barn møter barnehagen for første gong, og mange får ein ny kvardag på storbarnsavdeling. Det å skape trygge og føreseielege rammer for barna er det aller viktigaste me som personale gjer denne månaden.

I lese- og songsamlingar, der barna får sitte på fanget, skapar me relasjonar og gode opplevingar for borna. Me har fokus på korleis språket kan nyttast for å skape relasjonar, danne vennskap, delta i leik og løyse konflikhtar.





Måndag

Tysdag

Onsdag

Torsdag

Fredag



V.35



V.36





V.37



V.38



V.39





Kommunikasjon, språk og tekst

Også i september har me fokus på fagområdet «kommunikasjon, språk og tekst». Til liks med august er også september prega av tilvenning, og det å skape tryggleik og gode relasjonar.

Ved å fordjupe oss i temaet over litt lengre tid, får me ro og rom til å utforske i endå større grad.

I september får me besøk av to forskjellige teaterstykker. Først «Eg fant, eg fant», som er inspirert av eventyra om Espen Askeladden. Litt seinare i månaden får me sjå teateret om «Karius og Baktus». Me vil i forkant av teaterstykkane ha fokus på desse forteljingane, og bruke dei i samlingar og songstunder.

Kommunikasjon handlar om så mykje. Me har særleg fokus på korleis me er med kvarandre, korleis me leikar i lag og tek vare på dei me har rundt oss. Me brukar tid på å bli kjent med nye barn i gruppa, og gjere dei trygge anten det er på stor eller liten avdeling.



Måndag

Tysdag

Onsdag

Torsdag

Fredag

V.40



FORUT
TEMA HEILE OKTOBER

V.41



9. **Haustferieveka**

V.42



16. **Musikk-barnehage**

V.43



23. **Musikk-barnehage**

V.44



30. **Musikk-barnehage**



Lirsglede
for Eldre



10. **Haustferieveka**



17. **Lirsglede**
for Eldre



FORUT
KAFÈ 14.00-15.30



31. **Lirsglede**
for Eldre

4.

11.

18.

25.



FORUT
TEMA HEILE OKTOBER

5.

12.

19.

26.



HALLEN



12. **Haustferieveka**



HALLEN



HALLEN

6.


13.

20.

27.




13. **Haustferieveka**



Lærdal kommune



Kunst, kultur og kreativitet

I oktober måned har me FORUT som tema heile månaden. Me knyt temaet til fagområdet «Kunst, kultur og kreativitet», då me stiftar nærare kjennskap med ein heilt ny og ukjent kultur. Me bruker og kunst og kreativitet for å uttrykke det me snakkar om.

Me vert i år kjent med Hamphless som er 5 år gamal. Hamphless kjem frå Malawi, som vert kalla Afrikas varme hjarte. Me får helse på familien hans, kvardagen deira, sjiraffen Suala og det flotte landet dei bur i. 24.oktober inviterer me til FORUT-kafè der me sel fine ting, kaker og kaffi. Inntektene går til FORUT sitt arbeid for barn sine rettigheter.

Me kjem innom mange andre aktuelle fagområde når me jobbar med FORUT. Korleis samfunn er annleis enn me er vande med i Lærdal, og det å hjelpe andre er viktige aspekt og verdiar me utforskar.



Lærdal
kommune

Måndag

Tysdag

Onsdag

Torsdag

Fredag

V.44



V.45




V.46



V.47



V.48





Kunst, kultur og kreativitet

«I barnehagen skal barna få estetiske erfaringar med kunst og kultur i ulike former og organisert på måtar som gir barna høve til utforsking, fordjuping og progresjon. Barna skal støttast i å vere aktive og skape egne kunstnariske og kulturelle uttrykk. Barnehagen skal leggje til rette for samhøyrse og kreativitet ved å bidra til at barna saman får oppleve og skape kunstnariske og kulturelle uttrykk. Fagområdet tek for seg uttrykksformer som biletkunst og kunsthåndverk, musikk, dans, drama, språk, litteratur, film, arkitektur og design».
(Rammeplanen, s.50)

I november utforskar me vidare på kunst, kultur og kreativitet gjennom kjente eventyr og forteljingar.

Dei litt større barna vitjar kunstmuseet på Villakssenteret, og utforskar kva kunstnarar som har tilknytning til Lærdal. Me utforskar ulike former for kunst, dramatiserer, dansar og høyrer på musikk.





Måndag

Tysdag

Onsdag

Torsdag

Fredag



V.48




V.49



V.50



V.51



V.52



Lærdal kommune



Etikk, religion og filosofi

«Barnehagen skal la barna få kjennskap til forteljingar, tradisjonar, verdiar og høgtider i ulike religionar og livssyn, og erfaringar med at kulturelle uttrykk har ein eigenverdi. Barnehagen skal skape interesse for mangfaldet i samfunnet og forståing for livsverda og levesettet til andre menneske» (Rammeplanen, s.54).

I desember måned er det feiring av jula som står i fokus. Me høyrer historia om juleevangeliet og lærer kvifor me feirar jul slik me gjer. Me snakkar om ulike trusretningar og deira tradisjonar, og at ikkje alle feirar jul.

Me lagar julegåver og har fokus på å glede andre. Me bakar peparkaker, lussekattar og går i luciagog. Er det jul så er det jul, og då må me gå på juleball. Me pyntar oss i finstasen og et tradisjonell norsk julemat. Nissefest og julesong høyrer og til desember måned.



Måndag

Tysdag

Onsdag

Torsdag

Fredag

V.1



3.



5.

V.2



10.



12.

V.3



17.



19.

V.4



26.

V.5



31.



Lærdal kommune



Natur, miljø og teknologi

«Barnehagen skal bidra til at barna blir glade i naturen og får erfaringar med naturen som fremjar evna til å orientere seg og vere i naturen til ulike årstider. (...) Barnehagen skal leggje til rette for at barna framleis skal vere nysgjerrige på naturvitskaplege fenomen, føle tilhøyrslle til naturen og gjere erfaringar med å bruke teknologi og reiskapar» (Rammeplanen, s.52).

Me jobbar med temaet natur og miljø gjennom heile året, men har særskilt fokus på dette i perioden januar og februar måned. Ved hjelp av dei fire grunnleggande bærekraftsmåla utforskar me bl.a. livet på land og til vanns. Det er naturleg å fokusere på dei ressursane me har lokalt i Lærdal, bl.a. laksen i Lærdalselva. Me plukkar søppel og snakkar om kva som er viktig å gjere for å ta vare på Lærdal og resten av jordkloden. Me vitjar og vassverket, får sjå kvar vatnet vert reinsa, og kvar det til slutt vert av det me skyl ned i toalettet.

Klubben vitjar Vitemeir på Kaupanger, der dei får utforske teknologiske installasjonar. Også Vitemeir har eit særleg fokus på FN sine bærekraftsmål.

Bilete frå då me besøkte det nye vassverket på Hauge i januar 2023.



**Lærdal
kommune**

Måndag


Tysdag

Onsdag

Torsdag

Fredag



V.5



V.6



V.7



V.8



V.9



Lærdal kommune



Natur, miljø og teknologi

«Barnehagen skal synleggjere samisk kultur og bidra til at barna kan utvikle respekt og fellesskapskjensle for det samiske mangfaldet» (Rammeplanen, s.9).

Me fortsett å ha fokus på fagområdet natur, miljø og teknologi også i februar. I samband med at det 6.februar er samane sin nasjonaldag, vil me og fokus på deira kulturarv. Samane si særeigne kultur har tette band til naturen. Å lære om korleis samane har levd og utvikla seg gjennom tidene, har stor nytteverdi når me skal forstå deira plass i dagens samfunn.

Me lagar tradisjonell samisk mat, kastar lasso og utforskar klede og måten dei budde på.





Måndag

Tysdag

Onsdag

Torsdag

Fredag


V.9





V.10



V.11



V.12



V.13



Lærdal kommune



Etikk, religion og filosofi

«Barnehagen skal bruke mangfald som ein ressurs i det pedagogiske arbeidet og støtte, styrkje og følgje opp barna ut frå dei kulturelle og individuelle føresetnadene. Barnehagen skal synleggjere variasjonar i verdier, religion og livssyn. Det skal vere plass for ein åndeleg dimensjon i barnehagen som må brukast som utgangspunkt for dialog og respekt for mangfald» (Rammeplanen, s.9).

Mars vil vere ei tid der me bruker mykje tid på å snakke om, og førebu oss til påske. Men også andre religionar og tradisjonar får plass hjå oss. Me markerer dei religionane som er representert i barnegruppa, der bl.a. den muslimske høgtida Ramadan og Eid er ein av dei. Me filosoferer rundt kva ulike tru som finst, og snakkar om kva dei ulike religionane feirer og markerer. Påske, ramadan og Eid fell også i 2024 på om lag samme tid.

Etikk er eit tema me jobbar med gjennom heile året. Etikk handlar om å reflektere saman med barna, kring moralske spørsmål som for eksempel korleis me skal vere med kvarandre.





Måndag

Tysdag

Onsdag

Torsdag

Fredag

V.14



3.



5.

V.15



10.



12.

V.16



17.



19.

V.17



24.



26.

V.18



Lærdal kommune



Nærmiljø og samfunn

«Barnas medverknad i kvardagslivet i barnehagen legg grunnlaget for vidare innsikt i og erfaring med å delta i eit demokratisk samfunn. Gjennom ut forskning, opplevingar og erfaringar skal barnehagen bidra til å gjere barna kjende med sitt eige nærmiljø, samfunnet og verda. Barnehagen skal bidra til kunnskap om og erfaring med lokale tradisjonar, samfunnsinstitusjonar og yrke, slik at barna kan oppleve tilhøyrslse til nærmiljøet» (Rammeplanen, s.55-56)

Nærmiljø og samfunn er eit viktig tema i Lærdalsøyri barnehage. Å la barna få kjennskap til kva moglegheiter og ressursar som finst i nærmiljøet er viktig for at dei skal føle seg trygge og ha ein god oppvekst i Lærdal.

I september fekk barna bli kjent med viktige hjelpeinstitansar som bl.a. Lærdal brannvern igjennom den nasjonale brannvernveka. I april/mai får me besøk av ambulansen. Dei får sjå kva som skjer når ambulansen kjem for å hjelpe, men og høyre om korleis det er å arbeide på ambulansen.

Lærdal er rik på kulturminne, og særskilt Gamle Lærdalsøyri er eit område me utforskar nærare. Dei gamle bygningane, arkitekturen, historia og korleis Lærdal har blitt det den plassen me i dag kjenner, er ting me undrar oss kring saman med barna.



Lærdal
kommune

Måndag

Tysdag

Onsdag

Torsdag

Fredag

V.18



1.mai
Barnehagen
er stengt

2. HALLEN

3.

V.19

6. Musikk-
barnehage

7. *Lirsglede*
for Eldre

8.

9. Kristi
himmelfartsdag
barnehagen
er stengt

10. PLANLEGGINGSDAG!

V.20

13. Musikk-
barnehage

14. *Lirsglede*
for Eldre

15.

16. HALLEN

17. Grunnlovsdag
Barnehagen
er stengt

V.21

20. Pinse
Barnehagen
er stengt

21. *Lirsglede*
for Eldre

22.

23. HALLEN

24.

V.22

27. Musikk-
barnehage

28. *Lirsglede*
for Eldre

29.

30. HALLEN

31.



Lærdal
kommune



Nærmiljø og samfunn

April og mai

Å lære om samfunnet også utanfor Lærdal er ein viktig del av det å vekse opp. Me har barn frå mange nasjonalitetar, og har eit positivt fokus på mangfaldet og kor bra det er for barnehagen og Lærdal at me får vere saman her i Lærdal.

Heimlandsfokus der barna får fortelje om sitt opphav er ein viktig del av det å la barna få skape ein identitet dei er stolt av.



Dei litt større barna får besøkje rådhuset, ordføraren og kommunestyresalen. Her får dei kanskje sitt første møte med demokratiet i Lærdal og Noreg.

Mai månad er prega av feiring av nasjonaldagen vår 17.mai. Også her lærer me om demokrati og korleis grunnlova vår vart til.


Klubben har eit eige opplegg i regi av Nærøyfjorden verdsarvpark. Dei får vere med på ein geologidag, og lærer om dei ulike steinane me finn i Lærdal og korleis Lærdal har blitt forma slik det er i dag.



Me vitjar Villakssenteret i Lærdal, der me lærer om laksen i elva, og kor viktig den har vore og er for lokalsamfunnet.



Lærdal
kommune



Måndag

Tysdag

Onsdag

Torsdag

Fredag

V.22



Me markerer
Pride i heile juni

V.23



4. *Lirsglede*
for Eldre

V.24



11. *Lirsglede*
for Eldre

V.25



18. *Lirsglede*
for Eldre

V.26



5.

12.

19.



SOMMER
6. FEST



7.

14.



Lærdal
kommune



Mengd, rom og form

«Fagområdet handlar om å oppdage, utforske og skape strukturar og hjelper barna til å forstå samanhengar i naturen, samfunnet og universet. Barne hagen skal synleggjere samanhengar og leggje til rette for at barna kan utforske og oppdage matematikk i dagleglivet, i teknologi, natur, kunst og kultur, og ved å sjølv vere kreative og skapande. Arbeid med fagområdet skal stimulere barna til undring, nysgjerrigheit og motivasjon for problem løysing» (Rammeplanen, s.53).

I juni måned utforskar me mengd, rom og form. Med dette får borna mykje grunnleggande erfaring med å orientere seg i landskap, utforske kva om er lang avstand og kva som er kort avstand. Kva er lite, og kva er mykje? Kva er høgt og kva er lågt? Kva former finn me eigentleg i naturen og i barnehagen? Me eksperimenterer med vatn, måler og finn ut av ting.





Lærdal
kommune

Lærdalsøyri barnehage

Besøksadresse:

Skulevegen 16, 6887 Lærdal

Postadresse:

Øyraplassen 7, 6887 Lærdal

Telefon:

47 48 70 57



Tryggleik og individuell utvikling for alle

laerdal.kommune.no